


Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo



Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 2071/2007/	Hilde Hernes Hovland, 71 25 88 62	29.01.2007

Høyring - evaluering av den kulturelle skolesekken (kulturesekken) - Felles fråsegn frå utdanningsavdelinga og kulturavdelinga i Møre og Romsdal

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal behandla sak U-7/07 Høyring – evaluering av den kulturelle skolesekken (kulturesekken) – Felles fråsegn frå utdanningsavdelinga og kulturavdelinga i Møre og Romsdal, i møte 29.01.07, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Møre og Romsdal fylke tar evalueringsrapporten "Ekstraordinært eller selvfølgelig" til orientering. Møre og Romsdal fylke tilrår at gjeldande driftsfundament, stuktur og økonomimodell for Møre og Romsdal sin del, vert fasthalden for det vidare utviklingsarbeidet med kulturesekken.

Møre og Romsdal fylke vil presisere at rapporten har altfor lite fokus på konkret organisering og modellbygging på driftssida. Der har vi i Møre og Romsdal etter 10 års drift sett stor verdi og effekt av tett samhandling mellom aktørane. Det gjeld m.a. skule- og kulturadministrasjon både på fylkes- og kommunenivå, kunstnarar og andre utøvarar, institusjonar, lærarar og elevar.

Møre og Romsdal fylke finn rapporten så mangelfull i forhold til det arbeidet som er nedlagt i Møre og Romsdal fylke og i kommunane, at Møre og Romsdal fylke vil gje eigenevalueringa frå fylkeskommunens kulturetat og saksutgreiinga som fråsegn.

Med helsing


John Aasen
fylkesordførar


Arvid Blindheim
kulturdirektør

Vedlegg:

- Sak U-7/07
- Egenevaluering fylkeskommunens kulturetat